

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 01.05.2017  
Vår ref.: 2017/3812-4  
Saksbehandlar: gurkje  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Kunngjering av forslag til nye namn på skular i Hordaland Fylkeskommune

Fylkestinget vedtok 07.03.17 nye retningslinjer for namnesetjing av dei vidaregåande skulane. Vedtaket har som mål å synleggjere prosessen kring namnesetjing av skular i Hordaland. Vedtaket seier at det i hovudsak er lokale stadnamn som er førande for namnesetjing og at nye namn skal vedtakast i Fylkestinget.

Retningslinjer og sak kan hentast fram på Hordaland.no. Saka har arkivnummer 2017/541-1 og er merka som Politisk sak nummer 24/2017.

Det er seks skular som fylkestinget har vedteke å slå saman som no fell inn under det nye vedtaket. Fylkesdirektør opplæring ynskjer vedtak om tre nye skulenamn i fylkestinget i oktober 2017.

Forslag til nye skulenamn:

Namn på samanslåinga av Garnes vgs. og Arna vgs.: Arna vidaregåande skule

Namn på samanslåinga av Øystese gymnas og Norheimsund vgs.: Kvam vidaregåande skule

Namn på samanslåinga av U. Pihl vgs. og Tertnes vgs.: Tertnes vidaregåande skule

Dei nye namna vart kunngjort i avisene Bergens Tidene, Hordaland Folkeblad og Bygdnytt fredag 21. April 2017.

Lov om stadnamn seier at det er dei som vert direkte råka som i fyrste omgang bør uttale seg. Brev vert derfor sendt til skulane, Kvam kommune og Bergen kommune.

Skulane vert oppmoda til å rådføre seg med elevar og tilsette og sende høyringsinnspel samla frå kvar enkelt skule.

Høyringsinnspel kan sendast til [Opplaering@hfk.no](mailto:Opplaering@hfk.no) og høyringsfrist er sett til 16.juni 2017.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Guro Kjellerød  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Birthe Andersen Haugen